



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonsulenten på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70
Mobil 416 28 531
e-post lars.mjøs@osterøyindustrilag.no
www.osteroyindustrilag.no

Opplæringsavdelinga
Hordaland fylkeskommune
opplaering@hfk.no

Osterøy 7.4.2016

Merknad til prognoseinntaket 2016 Osterøy vgs

Osterøy Industrilag sluttar seg fullt ut til den merknaden som er sendt inn frå Osterøy vgs pr 3. april 2016.

Når det gjeld tankar om å leggje ned vg2 Industriteknologi, vil me i tillegg understreke:

Med støtte frå **Innovasjon Norge, Hordaland fylkeskommune, Regionalt næringsfond for Osterfjord og næringslivet** pågår no prosjektet **«Kompetanseutvikling i CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland»** med **Osterfjord Næringsamarbeid** som prosjektleiar.

Som resultat av dette søkte **Bergen tekniske fagskole** pr 1.3.2016 NOKUT om godkjenning for eit nytt studietilbod dei har utvikla innen CNC og robotikk. Dette nye studietilbodet er m.a. basert på samarbeidsavtalar med fleire Osterøybedrifter og det er lagt opp til at delar av den praktiske undervisninga skal foregå i vg2-verkstaden ved Ostrøy vgs.

Å legge ned vg2-tilbodet på Osterøy vil vere ei motarbeiding av denne satsinga til Hordaland fylkeskommune.

I plassen for ei defensiv tilnærming bør ein satse offensivt, ikkje minst innan robotikk, 3D-printing og additiv produksjon. På sikt bør slike tema inn i ei rekke fagplanar då t.d. robotar vert tekne i bruk på svært mange fagområde, m.a. helse og omsorg. Det vert referert til mykje fokus i media på dette for tida og mellom anna til ein serie som nrk TV no har om robotar og digital tilvirking.

Hordaland har eit godt grunnlag for å ta ein tettposisjon i utdanning innan dette området.

Elles syner me til vedlagde framlegg frå Osterøy Industrilag til opplæringsmål og tiltak som skal handsamast i Næringsalliansen i nærmaste framtid.

Med venleg helsing Osterøy Industrilag

Lars Magne Bysheim, formann

Lars Mjøs, sekretær